

Volda Jeger og Sportsfiskarlag og Naturvernforbundet i Ørsta og Volda,  
Lokallag av Norges Jeger- og Fiskerforbund og Norges Naturvernforbund.

NVE,

Postboks 5091, Majortua,

0301 Oslo.

**Krav om revisjon av vassdragsregulering. Mørevassdraget , Regine nr 094.4Z i Volda kommune.**

Mørevassdraget, også omtalt som Austefjorvassdraget, vart regulert så tideleg som i 1922. Då med Volda kommune som konsesjonær. Seinare er konsesjonen overtatt av Tussa Energi AS.

Konsesjonsvilkåra er ikkje i samsvar med dei som no vert sett for å ta omsyn til landskapsverdiar, friluftsliv og biologisk mangfald i regulerte vassdrag. Dette har vi tatt opp på i møter med Tussa, og på samlingar i regi av Søre Sunmøre vassområde. Organisasjonane våre på fylkesnivå har også tatt opp behovet for revisjon i høyringsfråsegna til nytt kraftverk i Osdalen. Sjå fråsegn frå FNF- Møre og Romsdal til småkraftpakken Ørsta / Volda som no ligg til vurdering i NVE.

Vi er difor skuffa og forundra over at Mørevassdraget står med prioritering 2.1 i dokumentet frå NVE og Miljødirektoratet; «Vannkraftkonsesjoner som kan revideres innen 2022. Rapport 49- 2013». Men så tek vi formuleringa i rapporten sin undertittelen på alvor; « Nasjonal gjennomgang og forslag til prioritering».

Vi har forståing for at arbeidsgruppa frå NVE og Miljødirektoratet ikkje kunne gå djupt inn i alle tilhøve knytt til 430 vassdrag. Det går fram av fakta-arket ( s. 210 i nemnde dokument) at kartlegginga og vurderinga av Mørevassdraget bygger på «faglig skjønn» (1) og nasjonalt datasett (2), og ikkje på eigne kartleggingar på staden (3). Vi vil korrigere og fyller ut kunnskapsgrunnlaget for den endelege prioriteringa slik at «Samla vurdering av verdi og påverknad» for naturmangfald må rettast frå kat. L til kat. M eller S.

Vi oppmodar og Vassregion- forvaltninga å ta med innspela våre i deira tiltaksplaner.

## **Ål, padder, laks og aure.**

Fakta-arket omtaler laksestammen og sjøauren i Austefjordelva. Vi trur det er ein samanheng mellom nedgangen i desse bestandane og reguleringsmønsteret i vassdraget. Fleire gonger har vi vore vitne til at strekningar av elva har vore heilt tørrlagde, med småfisk / yngel som kreperer på berga. Fleire gonger har det vore organiserte «redningsaksjonar» for å redde yngelen. Ein av desse aksjonane vart omtalt med bilete i Sunnmørsposten 09.08.2008.

I gytasesongen hender det årleg at viktige gytegroper vert tørrlagde.

Manglande minstevassføring skaper størst problem nedstraums Kolfossen Kraftstasjon, men og mellom Osdalsvatnet og Kalvatn. Kondisjonen til auren i Kalvatn har endra seg siste åra. Svingningane i vannstanden er truleg ein av årsakene til at røyrbestanden har auka på bekostning av aurestammen.

Det finst enno ein liten og sårbar bestand av ål i vassdraget. Den var mykje større før. Ålen er ein raudlista art som krev særskild merksemd og forvaltningsregime.

Paddebestanden i Lisjevatnet har fått stor merksemd siste åra. Den skal vere av dei største av sitt slag i Europa.

Det er viktig for paddene at vannstanden ikkje endrar seg for brått i klekkesida, og at ikkje vatnet vert for mykje nedtappa. Fleire gonger har dette vore kritisk. Dei 20 000 paddene som klekker i Lisjevatnet vil tene på ei meir stabil vassføring.

Ved omlegging av E39 i samband med den nye Kvivsvegen fekk den unike paddebestanden påkosta ledevegar og undergangar mellom skogen og vatnet til ein kostnad av om lag 2 mill. kr. – Eit resultat av eit godt samarbeid mellom Statens Vegvesen, lokale entusiastar og Naturvernforbundet. Det undrar oss at ikkje NVE ser at reguleringsregimet i Mørevassdraget også er ein viktig føresetnad for ei økosystembasert forvaltning av vassdraget.

## **Landskapsbilete, friluftsliv og opplevingskvalitetar.**

Langsmed vassdraget er det og et rikt fugleliv, oter, røye og bekkauere. Her er og sangsvaner, kvitryggspett og fossefall, og ved øyra ved osen finn vi planten som Volda kommune fekk eit særskild forvaltningsavsvaret for; den raudlista firlingen. Alle desse artene er knytt til vassdraget som økosystem.

Dei nye vegane langs vassdraget har gjort området lett tilgjengeleg, meir eksponert og attraktivt for friluftsliv. Her vert det fiska, padla og bada.

Etter vårt syn fører nedtappinga av Grønndalsvatnet (12 meter) og Osdalsvatnet til alt for store sår i landskapet. I konsesjonssøknaden frå 1922 heter det at «Det samlede areal som vil bli neddemmet ved reguleringen, utgjør 206 mål. Det består vesentlig av fjellmark, kun

tjenelig til beite; dyrket mark berøres overhodet ikke ved oppdemningen.» I dag bør vi verdsette fjellandskapet i Grøndalen og Osdalen på ein annan måte. Det før omtalte faktaarket nemner og den negative effekten nedtappinga av Grøndalsvatnet har i eit attraktivt hytte- og friluftsområde.

Gjeldande konsesjon har ingen krav til minstevassføring, men det er interessant å lese frå konsesjonsvilkåra frå 1922; «Det skal ved manøvreringen has for øye at vassdragets naturlige flomvannføring såvidt mulig ikke forøkes. Heller ikke må dets naturlige lavvannføring forminskes til skade for andres rettigheter.»

Siste åra har mange småkraftverk fått konsesjon i Volda. Fleire som drenerer til indre Austefjorden og to i Mørevassdraget (Kviven Kraftverk og omsøkte Osdalen kraftverk). Det har ført til store tap av vassdragsnatur og har auka presset på sårbare artar . Sett i samanheng med dette vert Tussa sitt produksjonstap ved ein konsesjonsrevisjon lite vegd opp mot miljøgevinsten vi kan få gjennom ein konsesjonsrevisjon.

**Kort oppsummert:**

- Vi krev at Mørevassdraget vert prioritert (kategori 1.1) for revisjon av vassdragskonsesjon innan 2022.
- Den reviderte konsesjonen må sikre ei minstevassføring som kan kontrollerast, ei mindre nedtapping av bassenga i Grøndalen og Osdalen og hindre brå svingingar i vassføringa.
- Vi vil gjerne bidra i prosessen framover.!

Volda, 15. mars 2014

Med helsing,

Volda Jeger og Sportsfiskerlag

Naturvernforbundet i Ørsta og Volda

Knut-Magne Årset

Knut Festø

Kopi: Søre Sunnmøre vassområde, v/ Margrete Emblemsvåg.

